

## Saksutgreiing kommunestyresak 030/14

### Kommuneplan Vik kommune 2013-24 . Arealdelen

### Handsaming av merknader til planframlegg etter høyring våren 2014.

Sakshandsamar: O. Wiik

Saksutgreiinga under gjev att hovudpunkt i innkomne merknader, og Rådmannen (R) sine kommentarar og vurderingar . Under *vedtak* kjem Rådmannen sitt framlegg til vedtak. Innkomne merknader er lista opp med dokumentnummer slik dei er registrerte inn i kommunen sitt arkiv under arkivsak 12/1113. Innkomne merknader fylgjer i eige vedlegg.

#### **Notat frå Folkemøte**

Fresvik	26.3.14	Dok. 51
Feios	1.4.14	Dok. 90
Vangsnes	2.4.14	Dok. 91
Vik	3.4.14	Dok. 92
Arnafjorden	10.4.14	Dok. 54

#### **Vedtak:**

Innspel på møte vert tekne med i vidare planarbeid, men gjev ikkje grunnlag for endringar i planen.

#### **53. Kjartan Hauglum, Fresvik. (KH) Eigar av 136/9 Fresvik**

KH meiner nytt friområde (G20 på planutsnitt 19)) vest for sentrum er lite eigna, og at eks. friområde ved stranda ca 500m nord for sentrum bør utvidast i staden.

KH foreslår at område B10 og B11 vert tekne ut av planen og erstatta av eit tilsvarande areal av hans eigedom 136/9 langs vestsida av planlagt gangveg

KH meiner område N12 er dårleg eigna til næringsareal, og peikar på flaumfare og risiko for ureining av vasskjelde på nordsida av vegen.

Som alternativ peikar KH på ledig næringsareal på område N11 på vestsida av elva, og evt. forlenging av N11 sørover.

#### **Vurdering:**

R meiner at tilgang til sentrumsnære friareal i strandsona er av stor verdi både for fastbuande og feriegjestar, og for utvikling av småskala reiseliv i Fresvik. G20 bør ikkje endrast.

Bustadtomter på den austlege delen av 136/9 vil få god lokalisering i høve til eksisterande busetnad og infrastruktur, og er i utgangspunktet eit godt alternativ til B10 og B11.

Arealet er del av eit større samanhengjande landbruksareal, og klassifisert som kjerneområde landbruk. Omdisponering vil krevja KU og ny utlegging/høyring før vedtak.

R rår til at arealet vert vurdert omdisponert ved neste planrevisjon.

For næringsarealet N12 er det krav om reguleringsplan før området kan godkjennast for næringsformål. Reguleringsplan skal avklara evt. risiko for m.a. flaum og ureining, og aktuelle sikringstiltak. Med atterhald om at dette let seg løysa, vurderer R arealet som godt eigna.

Innspel om auka næringsareal på vestsida av elva bør vurderast ved neste planrevisjon.

#### **Vedtak:**

Innspel om nye bustad- og næringsareal bør vurderast ved neste planrevisjon.

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar på plankartet .

## **56 Olav J Bøtun. Fresvik (OJB)**

OJB ber om at område B11 i Fresvik vert trekt ut av planen, og peikar på fare for konflikt mellom landbruksdrift og bumiljø.

### *Vurdering:*

Området er ca 5,6 daa. 2 eksisterande frådelte og bebygde tomter med tilkomstvegar reduserer landbruksverdien. Fortetting av området kan gje ulemper for landbruksdrift på naboeigedomar, men dette kan i nokon grad motverkast med føringar i reguleringsplan.

Omdisponering kan betra forholda for eksisterande bustadhus og forsamlingshus, og bidra til eit meir variert tilbod på tomter i Fresvik. Etter ei samla vurdering vil R rå ifrå å ta merknaden til fylgje.

### *Vedtak:*

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar på plankartet .

## **57 Bente og Alv Kløve, Sandsli Eigar av 139/5 Fresvik**

Merknad gjeld område P12, parkering for ungdomshuset og stadion.

Dei peikar på at P12 vil ta dyrka jord og gjera inngrep i verneverdig terrassemur på 139/5.

Dei peikar og på at bruket tidlegare har avstått grunn til veg og parkering, og at eks. areal kan utnyttast betre.

### *Vurdering.*

Ungdomshuset er viktig møteplass og forsamlingshus i Fresvik. Huset manglar eigna areal for parkering. Fresvik stadion har nok areal , men avstanden gjer at sambruk er lite aktuelt.

Oppstillingsplassar langs vegen mellom dei to anlegga vil gje god sambruk av parkeringsareal.

R meiner dette kan løysast med små inngrep i terrassemuren, og utan vesentleg netto tap av dyrka jord. R tilrår ei mindre justering av formålsgrenser i planen mellom Fresvik stadion (I2) og 135/9.

### *Vedtak:*

139/5 si vestgrense mot Fresvik stadion vert justert slik at netto arealtap for 135/5 vert 0,3 da eller mindre.

## **58 Sveinung Tenold, Vik. (ST) Eigar av 4/4 Tenold.**

ST vil ikkje akseptera ny veg (veg V4) over eigedomen til erstatning for eks. veg Seljestokkane.

ST har ikkje merknad til arealformål bustad (B2) for eigedomen, men vil at utvikling og disponering skal skje i privat regi.

Vedlagt merknaden er nokre møtereferat m.m. som gjeld saka.

### *Vurdering.*

Veg V4 vil berre i liten grad gjera inngrep i 4/4.

Planføresegnene kap 5.3.1 seier at vist trase er *retteiande*, og at endeleg trase skal avklarast i reguleringsplan. Det kan difor ikkje seiast noko sikkert no om, eller i kva grad vegen vil gjera inngrep i eigedomen 4/4.

Omdisponering frå LNF til byggeområde inneber ei n sterk verdiauke på arealet, og eit stort inntekspotensiale for eigar.

Når eit større område skal utviklast for utbygging, er det vanleg at eigedomane må tola å avgi areal til fellesanlegg og ny infrastruktur.

Spørsmålet om kven som skal utvikla området vidare er ikkje tema i kommuneplanen.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endring i planen.  
I samband med reguleringsplan for området skal det vurderast og utgreiast alternative vegløyningar til V4.

**60 Kåre og Aud Jorunn Berge, Vangsnes. Eigar 97/27**

Dei ber om at det vert lagt inn ei bustadtomt på eigedomen i tillegg til eksisterande frådelt tomter.  
*Vurdering.*

Eigedomen ligg ca 500m sør for Vangsnes ferjekai, ved RV13. Arealformål i planframlegget er LNF. Den aktuelle tomta ligg innafor 50m avstand frå senter RV13 og i 100m beltet langs sjøen.

Det er ikkje offentleg avløpsanlegg i nærleiken.

Frådeling vil medføra omdisponering av ca 1daa registrert som dyrka areal.

Området er ikkje kjerneområde landbruk. Tidlegare er delt i frå 3 byggetomter under bruket.

Det er ikkje registrert konflikt med kulturminneverdiar eller naturverdiar.

Vangsnes er satsingsområde for bygging og busetting.

Sektorstyresmaktene for landbruk, veg og miljø har ikkje hatt høve til å vurdere eller uttala seg om forslaget. Å ta tomta inn i planen krev i utgangspunktet ei avgrensa høyring i forkant.

R meiner at det samla sett er gode grunnar for ei omdisponering, men at dette bør løysast i samband med neste planrevisjon, eller som eigen dispensasjonssak, der sektorstyresmaktene får uttala seg.

Vedtak :

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endring i planen.

**61 Styret for kyrkjelydshuset i Vik. (SK)**

SK ber om at ny veg sør for kyrkja vert lagt 15-20m lenger sør for å gje rom for utviding av parkeringsplassen, kyrkjestova og evt. kyrkjegarden.

*Vurdering.*

Merknaden peikar på viktige omsyn som må takast når trase for ny veg V3 skal fastleggjast .

Planføresegnene kap. 5.3.1 seier at vist trase er *retteiande*, og at endeleg trase skal avklarast i reguleringsplan.

R er samd i at vegen ikkje må stengja for naudsynt utviding av bygningar og anlegg knytt til kyrkja.

Reelle behov bør utgreiast og avklarast i samband med reguleringsplan, og leggjast til grunn ved endeleg fastlegging av vegtrase V3.

*Vedtak:*

Endeleg trase for V3 skal fastleggjast i reguleringsplan, og skal ta omsyn til behovet for utviding av bygningar og anlegg knytt til kyrkja.

Innspelet gjev ikkje grunnlag for endring av planen.

**62 Inge Bjørnevoll, Vangsnes. (IB) Eigar 97/101**

IB meiner at vist arealformål i planen truleg ikkje er i samsvar med hans innspel til planprogrammet.

*Vurdering/kommentar:*

Innspel frå IB m.fl. viste bustadformål på eigedomane 97/101,97/245 og 97/237

Planen hindrar ikkje ei slik utnytting. Eigedomen 235 er vist med *sentrumsformål*, som også omfattar bustader, men opnar for andre formål i tillegg.

*Vedtak:*

Innspelet gjev ikkje grunnlag for endring av planen.

**63 Oddbjørn Nordgulen (ON), Høyanger Eigar 136/19 m.m. i Fresvik**

ON ber om at friområdet G20 vert teke ut og tilbakeført til LNF- formål.

ON meiner området er lite eigna til friområde/bading.

*Vurdering/kommentar:*

Fresvik har i utgangspunktet lite strandsone som er open og tilgjengeleg for ålmenta.

Sentrumsnære friområde i strandsona er eit viktig tiltak for å gjera bygda meir attraktiv både for fastbuande , hyttefolk og turistar.

*Vedtak:*

Innspelet gjev ikkje grunnlag for endringar i planen.

Reguleringsplan for området må løysa tilkomst og parkering for friområdet G20 på ein slik måte at rettane til eksisterande eigedomar vert ivaretekne.

**64 Eivind Høgheim EH 137/2**

EH meiner at det ikkje er behov for nytt bustadområde B10 i Fresvik, og at bustadbygging i området kan ureina drikkevasskjelde for Gyrgjegrenda, på nordsida av fylkesvegen.

Han ber om at B10 vert teke ut av planen.

EH meiner eit evt. nytt bustadområde må plasserast slik at det enkelt kan koplant til planlagd avløpsleidning frå Grundeland mot sjøen.

*Vurdering/merknad.*

Planen viser meir utbyggingsareal for bustader i Fresvik enn det pårekna behovet i planperioden.

For Fresvik bør mangel på tomter ikkje få bli eit hinder for busetting. Difor bør planen syna meir enn pårekna behov. B10 kan relativt enkelt koplant til planlagt avløp frå Grundelandfeltet.

*Vedtak:*

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar i planen.

I Reguleringsplan for området B10 må det avklarast om det er reell fare for ureining av drikkevatt, og eventuelle tiltak for å unngå slik ureining.

**65 Ann Kristin Tenold (AKT) Eigar 4/5 Tenold**

AKT ber om at evt. ny veg V4 vert lagt utanom hennar eigedom «Lassestykket» ved Tenoldtunet. Ho meiner eksisterande veg kan utvidast der han ligg, eller at ny veg vert ført fram på nordsida av elva.

*Vurdering/kommentar:*

Arealdelen av kommuneplanen viser *hovedtrekk* i arealbruken. Vist trase for Veg V4 er *retteiande*. Endeleg trase skal avklarast i reguleringsplan ( Sjå planomtale side 39, planføresegner , pkt.3.1) Det er såleis ikkje råd no å seia om eller i kva grad ein evt. veg V4 vil bandleggja areal av Lassestykket.

Veg V4 er vurdert som ein eigna samleveg ogso for ei vidare framtidig utbygging sørover mot Følid.

Vedtak:

I reguleringsplan for området Tenold skal fleire alternative vegløyningar for området vurderast. Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar på plankartet .

**66 Joh Ole Vange (JOV) Eigar 2/13 Vik**

JOV meiner at ny veg V3 frå Vik Fengsel til RV13 øydelegg hans eigedom 2/13, og ber om at vegen vert teken ut av planen. JOV peikar på fleire moment som talar mot vegen:

- Uheldig oppdeling og nedbygging av lettdrive landbruksareal.
- Veg på fylling, demning i landskapet
- Auka trafikk forbi bustaden, og tilhøyrande støy. Verdiforringing av eigedomen.
- Stenging for utviding av kyrkjegarden.

*Vurdering/kommentar:*

Veg V3 på planen vil kryssa to av JOV sine teigar i samla lengde på ca 150m veg.

I konsekvensutgreiing (A3) er tap av dyrka jord og oppdeling av landbrukseigedom påpeika og omtalt. Uheldig arrondering på grunn av ny veg kan i stor grad bøtast på ved makebyte/ jordskifte mellom dei to bruka som vert råka.

Førebels vurdering syner at vegen kan få tilfredsstillande stigningsforhold utan nokon markert fylling eller «demning» i landskapet .

Veg V3 er vist med ca 40m avstand til JOV sin bustad. Avstand til eks. FV121 er ca 65m.

Det er grunn til å tru at støy frå ny veg vert meir merkbar enn frå eks. veg, men likevel langt under nivå som utløyser krav til støyskjerming. Det kan vurderast avbøtande tiltak som skjermplanting og liknande.

Vist trase for Veg V3 er *retteiande*. Endeleg trase skal avklarast i reguleringsplan ( Sjå planomtale side 39, planføresegner , pkt.3.1)

Evt. behov for utviding av kyrkjegarden må avklarast i reguleringsplan, før endeleg trase vert fastlagt.

Vedtak:

I vidare planarbeid med veg V3 skal det i tillegg til vist trase vurderast ein alternativ trase nord for 2/15, med tanke på å redusera inngrep i landbruksareal, og ulemper for eigarar som vert råka.

Alternativ trase vert vist på plankartet som V3B

## **67 Grunneigarar langs RV13 Djuvik –Tveit. (G)**

Eigarar: Erik Lidal, Eivind Lidal, Lasse Djupvik, Harald Lijedal, Einar Fjærestad.

Dei ber om at gang/sykkelveg Vik-Vangsnes vert teken ut av planen, og peikar på moment som talar mot vegen:

- Tap av dyrka jord til vegformål.
- Djuvik og Tveit camping må avgje areal til vegen .
- Dei ser ikkje behov for vegen.

### *Vurdering/kommentar*

Vegen vil føra til nedbygging og tap av dyrka jord i nokon grad.

På strekninga Djuvik-Tveit vil vegen på om lag 1/3 av strekninga (ca 1km) gå inn på landbruksareal og/eller eksisterande campingplassar.

For å redusera arealinngrep kan ein for deler av strekninga vurderer t.d. fortau med fysisk skille mot køyrebane.

R meiner at det er eit behov for vegen , m.a. av fylgjande grunnar:

- Satsing på Vangsnes som utbyggingsområde. Trygg sykkelveg til Vik.
- Pårekna auka trafikk som fylgje av Vikafjellstunnelen.
- Vegen vil gje betre *trafikktryggleik* på strekninga for alle trafikantar, og vil vera av stor verdi for vidare utvikling av reiselivsverksemdar og hyttefelt i området.

Realisering av gang/sykkelveg på heile strekninga er ikkje realistisk å rekna med innafor denne planperioden. Vegen bør likevel visast på planen som eit framtidig mål å trå etter.

### *Vedtak:*

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar på plankartet .

Endeleg trase og løysing for gang/sykkelveg Vik-Vangsnes må avklarast i reguleringsplan, i dialog med partar langs vegen og med Statens Vegvesen.

## **68 Feios Bygdalag. (FB)**

FB stadfestar at dei står ved sine innspel til sine planprogrammet i 2012.

Dei ynskjer likevel at planen må ta omsyn til G. Vaartjes sine innspel om næringsarealet Brennehagen nord.

FB presiserer at dei ikkje har sett fram forslag om friområde på eigedomen 159/5 ved Feios Skule.

FB omtalar planframlegget generelt som «ein framtidsretta plan som syner at kommunen ynskjer å utvikla bygda vår»

### *Vurdering/kommentar:*

R meiner at FB og GV sine ynskje om endring for område N9 kan imøtekomast utan at verdien av området som næringsareal vert vesentleg forringa.

Rådmannen ser at formulering i *saksutgreiing* til høyringsdokumenta pkt. 4.5, om friområde på 159/5 kan mistydst. FB sitt innspel gjeld *eksisterande* skuletomt og leigearreal:

«Skuleområde/Offentleg friområde/badeplass. Badestrand: langsiktig avtale med grunneigar»

Forslaget om friområde på del av 159/5 er *Rådmannen og formannskapet* sitt forslag, ut frå ei vurdering om at skulen vanskeleg kan utviklast som eit lokalt senter for kultur- og fritidsaktivitetar for Feios, innafor eksisterande tomtgrenser.

### *Vedtak:*

Merknaden gjev grunnlag for ei mindre justering av planen for området N9.

(Endring vert omtalt meir detaljert i samband med merknad frå G. Vaartjes, dok nr.80)

## **69 NVE Region Vest.**

NVE peikar på at det må ventast meir nedbør og større flaumar på grunn av venta klimaendringar, og rår til å leggja til grunn min. 20% auke i flaumvassføring i høve til dagens 200-årsflaum.

### Vedtak:

Merknad frå NVE vert redigert inn i kap. 5 føresegner til omsynssone H320, pkt. 7.3

## **70 John Espen J. Haugen(JH), eigar 97/254 v/ advokat Vidar Broder Lund AS**

JH protesterer på at egedomen er tilbakeført frå byggeområde for bustader til LNF i ny plan.

Merknaden peikar i 9 punkt på moment som talar mot slik omdisponering.

JH har gjort førebuingar med sikte på å søkja løyve til bygging.

Statens Vegvesen har gitt Løyve til avkjørsle er gjeve, på visse vilkår.

Planlagt utbygging vil ikkje hindra utsikt

Egedomen er lite eigna som friluftsområde eller rasteplass

JH sine byggeplanar er i samsvar med planen si satsing på Vangsnes som byggeområde.

### *Vurdering/kommentar:*

Tidlegare planstatus som byggeområde gjev ingen rett til vidareføring i ny plan.

Tilbakeføring til LNF-formål er i tråd med føringar i vedteke planprogram .

Vangsnes har lite tilgjengeleg og attraktiv strandsone som ikkje alt er nedbygd.

Sikring av attverande strekningar for friluftsmål og rekreasjon er viktig for Vangsnes som satsingsområde for bustadbygging .

### Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar i planen .

## **71 Vik kyrkjelege fellesråd (VKF)**

VKF ber om at ein evt. veg V3 vert lagt med tilstrekkeleg avstand til kyrkja/kyrkjegarden slik at det vert rom for utviding av Vik kyrkjegard og parkeringsplass for kyrkja/kyrkjestova.

VKF peikar spesielt på problem med parkering langs RV13 fram mot porten.

### *Vurdering/kommentar:*

Vist trase for Veg V3 er *retteiande*. Endeleg trase skal avklarast i reguleringsplan ( Sjå planomtale side 39, planføresegner , pkt.3.1)

R er samd i at vegen ikkje må stengja for naudsynt utviding av bygningar og anlegg knytt til kyrkja.

Reelle behov bør utgreiast og avklarast i samband med reguleringsplan, og leggjast til grunn ved endeleg fastlegging av vegtrase V3.

### Vedtak:

Endeleg trase for V3 skal fastleggjast i reguleringsplan, og skal ta omsyn til behovet for utviding av bygningar og anlegg knytt til kyrkja.

Innspelet gjev ikkje grunnlag for endring av planen.

## **72 Bård Rinde(BR), eigar 160/8 Feios v/ adv. Harris**

BR protesterer mot at del av hans eigedom vert omdisponert frå LNF til parkering for kyrkja, og til grønstuktur/friområde.

Hovudpunkt i merknaden :

- Heile eigedomen sitt fulldyra areal på 1,3da vert bandlagt eller nedbygd.
- Friområdet går tett innpå tunet/bustaden, og vil hindra/avgrensa framtidig utnytting.
- BR peikar på alternative område for parkering på nordsida av fylkesvegen, evt mot vest.

*Vurdering/kommentar:*

Om lag 3daa av 160/8 er forutsett omdisponert, av dette ca 2,5da til friområde mellom tunet og kyrkja. Friområdet er viktig som felles friområde for, og sambinding av eksisterande og nytt bustadområde, og for kyrkja.

Kyrkja manglar tilrettelagt parkering i nærområdet. Tilleggsareal kan gje tilkomst med universell utforming. (Sjå merknad 89)

Tap av dyrka jord er vurdert og omtalt i KU A15, og vurdert som akseptabelt totalt sett.

Rådmannen meiner ei evt. justering av sørgrense for friområdet kan vurderast i samband med reguleringsplan, med sikte på å imøtekoma ynske frå BR og større avstand mellom tunet og friområdet.

*Vedtak:*

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar i planen. Ein skal i samband med reguleringsplan vurdere om grense for friområdet kan dragast noko lenger frå tunet på 160/8, utan at verdien av friområdet vert vesentleg forringa.

## **76 Helge Sæbø (HS) m.fl. Eigar 1/6 Sæbø.**

HS protesterer mot at det er vist gang/sykkelveg langs deira eigedomsgrense mot sør frå Røysavegen til gangveg langs Vikja.

HS ber om at deler av eigedomen vert vurdert omdisponert til bustadformål.

*Vurdering.*

Ny GS- veg på planen er primært erstatning for Røysavegen, for gang- og sykkeltrafikk mellom sentrum og Vange bru. Vegen vil vera samanfallande med eksisterande tilkomstveg til 2/7 og 1/6 på ein stor del av strekninga.

Tilkomst til Vik Barnehage for gang- og sykkeltrafikk frå sør/Vange bru er i planen ikkje forutsett endra i høve til i dag: via Vetlevegen, eller langs Vikja og inn på nordsida av Linn Bad.

R meiner at bebuarar i sentrumsområde innan rimelege grenser må tola gang- og sykkeltrafikk nær husa. Planen viser *hovudtrekk* i arealbruk og vegnett.

Detaljert vegføring og arealbruk må avklarast i reguleringsplan

R finn det rimeleg at ein i reguleringsplan for området ser på måtar å redusere ulemper for bebuarar i tunet på 1/6

Den viste vegen kan gje bruket køyrbar driftsveg mot Vange bru, i tilfelle Vetlevegen ikkje er tilstrekkeleg.

R meiner planen viser tilstrekkeleg byggeområde for planperioden, men at evt. omdisponering frå LNF til byggeformål kan vurderast ved første planrevisjon.

*Vedtak:*

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra plankartet.

I reguleringsplan for området skal det vurderast løysingar som kan redusere ulemper for tunet.



**77 Gunnstein Skagen. GS 5268 Haukeland Eigar 1/4 og 1/25 Vik**

GS ynskjer ikkje å avgje areal til utviding av Vik barnehage .

GS påpeikar at kartet ikkje fult ut er i samsvar med omtalen i saksutgreiing.

*Vurdering/kommentar*

Planen viser omdisponering av ca 730m<sup>2</sup> byggeområde under 1/4 frå bustad til offentleg formål/barnehage og ca 350 m<sup>2</sup> under 1/25 frå bustad formål til friområde/grønstruktur. Attverande bustadeigedomen 1/4 med ståande bustadhus er om lag 700m<sup>2</sup>. R vurderer dette som ei god tomt i eit sentrumsområde.

R meiner likevel at viste grenser bør justerast slik at bustadhuset er sikra min 4m til eigedomsgrense. Vist utviding mot vest og nord er etter R si vurdering naudsynt for å sikra VB utviklingsrom på trygg grunn for framtida

Vedtak:

Viste grenser rundt 1/4 vert justert slik at bustadhuset er sikra min 4m til eigedomsgrense.

**78 Bente Feidje. (BF) 3070 Sande i Vestfold. Eigar 159/4 Feios**

BF ber om at bustadfelt B9 ikkje vert lagt inn på hennar eigedom.

BF peikar på at bruket tidlegare har avstått areal til ulike formål , og at andre no må bidra.

*Vurdering/kommentar:*

Bruket sitt samla areal er 392daa. Av dette er 30,6daa dyrka og 62 daa beite.

Om lag 13 daa av bustadområde B9 ligg på 139/4. Av dette er ca 12daa registrert som beite i gardskartet. Dette utgjer 19% av bruket sitt samla beiteareal.

4 tidlegare frådelt byggetomter ligg inntil/i det viste byggeområdet B9. Dette redusere i nokon grad landbruksverdien av området, og talar for ei fortetting med fleire bustader.

R ser at ulempene for bruket er merkande, men vurderer nytten av eit attraktivt tomteområde for Feios som meir tungtvegande, samla sett.

I reguleringsplan kan det vurderast å leggja inn føresegn om stegvis utbygging slik at beitebruken på deler av området kan halda fram til tomtebehovet er til stades.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

Det skal i reguleringsplan for området vurderast føresegn om stegvis utbygging .

**79 Eigarar på Deievollen (ED), Vik.**

Eigarar: Kjell Bergfjord, Agnar Fosse, Ivar Mårdalen, Ragnhild Fjærestad.

Merknaden er ei fornying av innspel til planprogrammet . (sak 11/158, dok. 73)

Innspelet vart ikkje teke til fylgje.

Merknaden peikar på moment som talar for å omdisponera deler av næringsarealet vest for deira bustadeigedomar til bustadformål:

- Sentrumsnært areal. Kort avstand til skule m.m. Samsvar med arealstrategi i planen.
- Skredfarekartlegging utført 2012 legg begrensingar på bruken av arealet til næringsformål, men opnar for ein bustader og/eller mindre rekkehus.

ED kan ikkje sjå at det i planen er teke omsyn til tilrådingane i skredrapporten når det gjeld hogst og skogsbilvegar i lia over Deievollen.

*Vurdering/kommentar:*

Ny kommuneplan for området vidarefører arealbruk i plan frå 2005, med ei mindre justering av grense mellom bustadformål og næringsareal. Det er ikkje laga reguleringsplan for området.

R er samd i at skredrapport frå Cowi av 2012 gjev nye moment i saka.

Utan ekstra skredsikring kan det ikkje etablerast næringsbygg med meir enn 10 faste arbeidsplassar i kvart på området aust for elvegata. Dette avgrensar i nokon grad bruken av området til næringsformål.

Det er i utgangspunktet lite tilgjengelege næringsareal i/nær Vik sentrum.

Bygging av bustader i eller ved foten av reina vil redusera det nyttbare næringsarealet.

Næringsbygg med tilhøyrande aktivitet på flaten kan gje redusert bukvalitet for nybygg i reina.

R rår til å la plankartet vera uendra, og at ein i *reguleringsplan* vurderer om bustader i reina kan innpassast utan at verdien av næringsarealet vert vesentleg forringa.

Det er i denne planrevisjonen ikkje lagt inn særlege restriksjonar på hogst og skogsvegar med tanke på skredsikring. Det bør vurderast ved neste planrevisjon.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar i plankartet.

**80 Gert Vaartjes og Hanneke Morel. (VM) Feios. Eigar 159/25**

VM meiner det er feil å plassera næringsareal i området Brennehagen, av fleire grunnar:

- Det gjev ulemper og begrensingar på deira gardsdrift.
- Tilkomstvegane er dårlege og smale. Auka trafikk gjev auka trafikkfare.
- Potensiell rasfare i begge område
- Verdifult naturområde (registrert i EDNA)ligg mellom næringsområda.
- Ikkje behov for så store areal i Feios.

Dei meiner slike areal bør liggja ved hovudvegen langs fjorden, og peikar på aktuelle område.

*Vurdering/kommentar:*

Bruket 159/25 har samla areal 35 daa.

Av dette 10 daa dyrka. Ingen del av bruket inngår i N9 og N10.

R er samd i at N9 og N10 kan gje ulemper og begrensingar for landbruksdrift og gardsturisme på bruket. Dårleg tilkomstveg, potensiell rasfare og naturverdiar i området er påpeika og vurdert i KU.

Feios har i dag ingen regulerte næringsareal. Behovet er såleis til stades.

R er samd i at lokalisering ved hovudveg langs fjorden er det beste.

Samla sett kan det vera grunn til å revurdere storleik og avgrensing på areala N9 og N10.

Ein bør ved neste planrevisjon ta sikte på å finna eigna område ved fylkesvegen langs fjorden.

Vedtak:

Næringsareal N10 vert avgrensa til eigedomane 159/32 og 160/23 («Idrettsplassen»).

I reguleringsplan for område N9 skal det takast omsyn til siktlinjer mot fjorden frå tunet på 159/25.

**83 Kåre Jostein Sylvarnes. (KS) Vangsnes** Eigar 97/15 og 217

KS protesterer på at dyrka mark på hans eigedom 97/217 inngår i bustadområde B7.

*Vurdering:*

Området det er tale om er ca 2 daa dyrka mark på 97/217.

Arealet er del av eit område klassifisert som kjerneområde landbruk.

Grense på plankart er trekt med tanke på god avgrensing av bustadområde mot aktivt landbruksareal. R ser at området kan få bra avgrensing mot bustadareal i nord og vest på grunn av lokale terrengforhold

Vedtak:

Merknaden vert teken til fylgje. Grense mellom byggeområde og LNF-område vert justert slik at fulldyrka areal på 97/217 vert vist med LNF-formål.

**84 Dagfinn Otterskred (DS) , Vik**

DS meiner at planen må ta høgde for framtidig stamvegtrase utanom Vik sentrum.

DS meiner at ein evt. rasvoll bak Vik Verk bør samordnast med trase for framtidig stamveg

*Vurdering:*

Dei pårekna trafikkmengdene på RV13 tilseier at ny RV13 utanom sentrum ligg svært langt fram i tid.

Med den uvissa som dette inneber har R ikkje funne grunn til å reservera særskilde areal eller trasear for ein slik veg.

Planen viser ny trase for FV121 frå RV13 ved kyrkja og til Vange bru. Denne vegen vil for gjennomgangstrafikk vera ein aktuell omkøyringsveg, og avlasta RV13 gjennom sentrum.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar i planen.

**85 TINE Meieriet Vik. (TMV)**

TMV meiner at planen ikkje ivaretek TINE sitt behov for utviding mot sør, og ber om at det vert sett av areal til utviding av meieriet i tråd med Tine sitt innspel til planprogrammet av 13.2.2012.

*Vurdering/kommentar:*

Plan av 2005 viser ca 3 daa industritomt for Vik Meieri.

I innspel til *planprogrammet* av 2012 ber TMV om at Vetlevegen som deler deira eigedom vert lagt ned, og at det vert sett av 10 daa totalt til TMV. Om lag 6 da av dette er TMV sin eksisterande eigedom. Øvrig tilleggsareal (4daa) er parkeringsplassen mellom Vikjatunet og Meieriet, resten av Vetlevegen, ein del av Meirivegen, samt deler av privat landbruksareal 1/24, Sæbøjordet.

Vedtak i planprogrammet (KS 2012) :

«Vik Meieri er ei viktig bedrift for Vik og sentrumsmiljøet, og må i plansamanheng sikrast naudsynt areal for framtidig utvikling. Meieriet sine ynskje må avvegast mot andre arealbruksinteresser i sentrumsområdet i endeleg plan. Innspelet vert teke med i det vidare planarbeidet.»

R meiner TMV sine ynskje er imøtekomne i stor grad i planforslaget:

- Vetlevegen er forutsett avvikla som kommunal veg, og lagt til TMV sin eigedom.
- Nyttbart tomteareal for TMV er i ny plan utvida til ca 7daa.

Bygningsmassen på eigedomen har ca 2 daa grunnflate, av dette 0,2daa bustad.

Med god organisering av funksjonane vil planforslaget gje rom for ei vesentleg utviding av TMV, etter R si vurdering.

R ser likevel at vist sørgrense mot parkeringsplassen P7 kan gje ei uheldig avgrensing av TMV sitt handlingsrom. R rår til å ta P7 ut av planen og la området inngå i areal vist som *sentrumsformål*. Detaljert framtidig arealbruk må avklarast i reguleringsplan.

#### Vedtak:

Område P7 vert endra til sentrumsformål.

Meir detaljerte tilpassingar og tilrettelegging for TMV sine utbyggingsbehov må vurderast og avklarast i reguleringsplan.

### **86 Feios Idrettslag(FI) v. leiar R. Ulvestad**

FI ser positivt på kommunen sin vilje til satsing på Feios, og styrking av nærmiljøet kring Feios skule. FI presiserer at deira innspel til planprogrammet berre omhandla omdisponering av eigedomen 159/32, den gamle grusbana.

#### *Vurdering/kommentar:*

Innspel frå FI er omtalt i KU A17, og i saksutgreiing som bakgrunn for forslag om næringsareal N10. R ser at dette kan mistolkast, og kan stadfesta at FI sitt innspel berre gjeld grusbana.

#### Vedtak:

Merknaden vert teken til vitande.

### **87 Terje Bø og Kari Riis, Bergen. (BR) Eigarar 43/22 Djuvik**

Dei meiner at utviding av området for camping /turisme i Djuvik vil svekka området som kulturlandskap, og gjera eksisterande friområde ubrukeleg for allmen ferdsel og bruk.

Dei peikar på at det no er få tilgjengelege friområde ved sjøen mellom Vik og Vangsnes.

#### *Vurdering/kommentar:*

R ser at utviding av eksisterande camping plass mot sør kan medføra tapte landskapskvalitetar og forringing av eksisterande friområde.

R meiner at dette kan og bør motverkast ved å leggja føringar for utbygging og arealbruk i ny *reguleringsplan* for området.

#### Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar i plankartet.

I reguleringsplan for området FT4 Djuvik skal det leggjast vekt på å ivareta landskapskvalitetar og attraktive friområdei strandsona.

**88 Halvor Flatland.( HF) Vangsnes. Eigar 97/51**

HF er imot at området G15 Kalviki sør for hans eigedom vert disponert til grønstruktur/friområde, dersom dette inneber avkjørsle frå RV 13 via hans eigedom.

Han peikar på alternative areal til formålet.

*Vurdering/kommentar:*

Planen tek ikkje stilling til avkjørsleløsning.

Ut frå terrengforhold a på staden er det likevel ikkje råd å utelukka at avkjørsle vert samordna med eksisterande avkjørsle på HF sin eigedom.

R legg til grunn at avkjørsleløsning er eitt av spørsmåla som må avklarast i reguleringsplan.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar i planen.

**89 Rådet for funksjonshemma og Vik Eldreråd. (RFE)**

RFE ynskjer:

-Tilrettelagt tilkomst for eldre og funksjonshemma i alle bustadfelt.

-Tilrettelagt for bustader med livsløpstandard i alle bustadfelt

-Parkering for funksjonshemma og eldre ved alle kyrkjene i kommunen

RFE spør om det er sett av areal til aldersbustader i ny plan.

RFE etterlyser fleire parkeringsplassar for funksjonshemma ved Vik Kyrkje og ved kommunehuset.

*Vurdering/kommentar:*

R meiner at pkt 1.7 *Universell utforming* i planføresegnene ivaretek ynskje som kjem fram i merknaden, så langt det let seg gjera på kommuneplannivå:

«Prinsippa om universell utforming skal leggast til grunn for planlegging og opparbeiding av bygningar og anlegg for å sikra tilgjenge til bygningar og uterom for alle.»

Det er sett av relativt store areal til bustadformål i alle sokn.

Detaljert arealbruk i desse områda må avklarast i reguleringsplan.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar i planen.

**93 Harald Johan Systad (HS) Vik. Eigar 4/24 Hesjagarden.**

01 HS ynskjer ikkje at hans landbrukseigedom 4/24 vert omdisponert til bustadformål .

HS meiner at dette vil ta vekk næringsgrunnlaget for driftseininga, og peikar på at han har oppgradert driftsbygning for 120 sau.

02 HS meiner at potensiell konflikt med tilgrensande bustadtomter kan motverkast med å bruka naturgjødsel i fast form.

03 HS stiller spørsmål ved at bruk 4/2 ikkje er vist som byggeområde.

04 Han peikar på bruk 3/1 og 3/9 som alternative bustadareal til hans bruk 4/24

*Vurdering/kommentar:*

Til 01: Driftseininga har samla areal 233daa. Av dette er 58daa fulldyrka og 49daa innmarksbeite. Om lag 9 daa dyrka og 1daa innmarksbeite under 4/24 er i planen vist som framtidig byggeområde. Det aller meste av næringsgrunnlaget for driftseininga vil såleis vera intakt.

Til 02: HS har truleg rett i at restriksjonar på landbruksdrifta som t.d. forbod mot blautgjødning kan redusere konfliktnivået med omliggjande bustadområde. Inneklemde landbruksareal i bustadområde er likevel uheldig, og i strid med føringar i arealstrategien om god avgrensing mellom landbruksareal og byggeområde.

Til 03: Det er eit mål å driva eit strengt hushald med dyrka jord, og særskilt med kjerneområde. På sørsida av elva er det i denne planen ikkje lagt ut kjerneområde landbruk til byggeformål. Bruk 4/2 ligg i område klassifisert som kjerneområde.

Til 04: Aktuelle areal under bruk 3/1 og 3/9 er i hovudsak kjerneområde landbruk med god avgrensing mot annan busetnad.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

**94 Vik Fjellandsby AS (VF)**

VF ber om at vedteken reguleringsplan av 2006 vert lagt til grunn for ny kommuneplan.

*Vurdering/kommentar:*

Vedteken plan av 2006 er lagt til grunn for arealbruk i revidert kommuneplan.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

**95 E. Sjøfteland og O. Hopperstad (SH) v/ ark.firma J. Vikøren.**

SH ser det som positivt at 97/135 og del av 97/44 er vist som byggeområde i ny plan, men ber om at resten av 97/44 på vestsida av RV13 også vert vist som byggeområde.

*Vurdering/kommentar.*

97/135 er ei frådelt byggetomt inntil eit eksisterande naustområde. Tomta og nausta har dårleg vegtilkomst og ingen opparbeidd avkjørsle frå RV13.

Eigedomen 94/44 på vestsida av RV13 er lite aktuell som sjølstendig byggetomt på grunn av liten avstand til RV13.

Den delen av 94/44 som er lagt inn i byggeområdet er primært tenkt som tilkomst og parkering for 97/135 og for eksisterande naustområde.

Detaljert arealbruk må avklarast i reguleringsplan.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

**97** **Ola Hopperstad (OH)** Eigar 97/44

SH ser det som positivt at del av 97/44 er vist som byggeområde i ny plan, men ber om at resten av 97/44 på vestsida av RV13, samt ei stripe på austsida også vert vist som byggeområde.

Aktuelle areal går fram av kartvedlegg til merknaden.

*Vurdering/kommentar.*

Eigedomen 94/44 på vestsida av RV13 er lite aktuell som sjølstendig byggetomt på grunn av liten avstand til RV13. (Sjå merknad 95)

Arealet på austsida av RV13 utgjør om lag 3,5 daa. Av dette er ca 3 daa dyrka mark.

Omdisponering vil kreva konsekvensutgreiing (KU)

Det er i planforslaget sett av relativt store areal til byggeformål på Vangsnes.

R meiner at evt. omdisponering kan vurderast ved neste planrevisjon

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

**98** **Aasta Ytre-Arne, 5244 Fana** (AY) Eigar av 159/20 i Feios

AY protesterer mot omdisponering av deler av eigedom 159/20 frå LNF til bustadformål (B9) og næringsformål (N10).

AY protesterer også mot at deler av naboeigedom 159/5 vert omdisponert til grønstruktur/friområde (G17), og ber om stadfesting på at G17 ikkje inneber inngrep i deira eigedom 159/20.

AY ynskjer at planarbeidet vert stoppa.

*Vurdering/kommentar.*

159/20 er registrert som landbrukseigedom med 2,1 daa fulldyrka og 6,6 daa overflatedyrka jord. Samla areal er 73 daa. Bruket er fritidseigedom.

2,9 daa er i planen omdisponert til bustadformål, og inngår i område B9.

Om lag 9 daa er i planen omdisponert til næringsareal, og inngår i område N10. Av dette 4,5 daa overflatedyrka. Bruket sitt full dyrka areal vert ikkje berørt av planen.

Arealbruk på den delen av 159/20 som grensar til G17 er styrt av vedteken reguleringsplan av 2007 for Rinde hyttefelt.

På bakgrunn av denne og andre merknader vil R tilrå at areal under 159/20 vert trekt ut av N10.

Vedtak:

Merknaden vert delvis imøtekomen ved at

næringsareal N10 vert avgrensa til eigedomane 159/32 og 160/23 («Idrettsplassen»).

**99** **Malvin Hove (MH)** Eigar 159/5 Feios

MH protesterer mot at del av hans eigedom 159/17) vert omdisponert til grønstruktur/friområde (G17). Hovedpunkt i merknaden:

1 MH meiner skulen har tilstrekkeleg uteareal.

2 MH protesterer mot at høgverdig dyrka mark/frukthage vert omdisponert til friområde, og peikar på at det er i strid med nasjonale mål om jordvern.

3 MH meiner forslaget er for dårleg utgreidd, og at informasjon til eigar har vore mangelfull

4 MH peikar på at ingen innspel til planen har forslag om å leggja friområde på 159/5.

### Vurdering/kommentar.

#### *Til 1: Behov for friområde/uteareal ved skulen.*

Feios skule og barnehage er den største nest etter Flatbygdi skule, med 36 elevar i skulen og 10 born i barnehagen (Pr. juni 14). Folketalet er stabilt og bygda har eit godt potensiale for vekst. Feios har ingen areal avsett til offentlege friområde og/eller idrettsanlegg utanom skulen og strandsona på nordsida.

Regulert skuleområde er 6.5 daa, og friområdet 2 daa, der deler av arealet er sjø og vanskeleg tilgjengeleg strandsone.

Med auka fokus på fysisk aktivitet mellom barn og unge både i skule og fritid, er tilgang til eigna areal i skulen sitt nærområde heilt avgjerande.

Planforslaget vil gje tilgang til eit nytt friområde på ca 10 dekar ved skulen .

Saman med eksisterande område opnar det for opparbeiding av tur- og trimløype i nærområdet, og attraktive areal for leik, opphald og rekreasjon i strandsona.

Utan tilgang til nye friområde vil Feios vera den bygda med desidert minst offentlig tilgjengelege friareal og fellesområde i heile kommunen.

#### *Til 2: Tap av dyrka jord.*

Gardskart for bruket 159/5 syner at samla areal er 39,4 da. Av dette er 18,5 fulldyrka.

Friområde G17 er ca 10 daa, av dette ca 4,5 daa fulldyrka.

G17 utgjer då om lag 25% av både bruket sitt samla areal, og bruket sitt fulldyrka areal.

Det er såleis ikkje rett som MH hevdar at «dei ynskjer å ta frå oss det aller meste av garden i Feios til friareal.»

Dyrka areal som inngår i friområdet har og den dårlegaste arronderinga.

Tap/bandlegging av dyrka jord er likevel ei viktig innvending, og ein bør vurdere om arealet kan reduserast utan at friområdet sin bruksverdi vert vesentleg forringa.

#### *Til 3 : Utgreiing og informasjon.*

Konsekvensutgreiing er gjort i samsvar med godkjent planprogram, som for dei 37 andre områda som KU omfattar. Vurderingane i KU er opne for innsyn, og kan diskuterast.

I merknad er det hevda at *verdi av landskap* er sett til 0.

Dette er ei mistyding. Det er konsekvensen for landskapet av omdisponering til friområde som er sett til 0, dvs. *ingen vesentleg positiv eller negativ verknad*.

Ein hovudrevisjon av kommuneplanen omfattar eit stort tal eigedomar og endringar.

Alle lovfesta krav til varsling og informasjon er oppfylte i planprosessen.

I tilllegg er det halde folkemøte i alle sokner, og grunneigarar i område med vesentlege endringar er informerte med eigne skriv. Det gjeld m.a Malvin Hove

R ser i ettertid at det i denne saka burde vore informert på eit tidlegare tidspunkt.

#### *Til 4: Innspel*

R kan stadfesta at ingen innspel til planen har forslag om å omdisponera areal under 159/5 til friområde. Dette er Vik Formannskap sitt forslag, etter tilråding frå Rådmannen.

Ynsket om å utvikla Feios skule til eit lokalt senter for kultur- og fritidsaktivitetar er likevel klart artikulert i fleire innspel.



### Samla vurdering. Tilråding.

For å sikra skulen utviklingsrom som oppvekstsenter og lokalt senter for kultur og fritidsaktivitetar i Feios er det avgjerande å sikra tilgang til attraktive og eigna friareal i nærområdet.

Den sjønære delen av 159/5 kan gje dette utviklingsrommet.

R er samd i at ein bør unngå å bandleggja meir dyrka jord enn det som er naudsynt, og meiner det er forsvarleg å redusera arealet på friområdet ved at om lag 2 da dyrka mark i sør vert trekt ut.

Bandlegging av dyrka jord vert då avgrensa til om lag 2,5 daa, eller under 1/7 del av bruket sitt dyrka areal.

### Vedtak:

Merknaden vert delvis teken til fylgje ved at grense for friområdet vert trekt nærare fjorden, og bandlagt dyrka mark avgrensa til om lag 2,5 daa.

### 100 Tor Feidje og Annette Refsdal, Feios. Brukarar/leigarar på 159/4 Feios

Dei protesterer på at deler av beitearealet under 159/4 inngår i nytt bustadområde B9 i Feios.

Dei peikar på fylgjande moment som talar mot omdisponering

- Einaste bruk med beitedyr i Fedjane.
- Området er nyleg rydda for skog med tanke på beiting
- Bruket har tidlegare avstått areal til fellesformål
- Framleis ledige tomter i Rinde 2 feltet. Nok tomter i Feios.
- Dei ynskjer å bu «fritt»

### Vurdering/kommentar:

Bruket sitt samla areal er 392 daa. Av dette er 30,6 daa dyrka og 62 daa beite.

Om lag 13 daa av bustadområde B9 ligg på 139/4. Av dette er ca 12daa registrert som beite i gardskartet. Dette utgjør 19% av bruket sitt samla beiteareal.

4 tidlegare frådelt byggetomter ligg inntil/i det viste byggeområdet B9. Dette redusere i nokon grad landbruksverdien av området, og talar for ei fortetting med fleire bustader.

R ser at ulempene for bruket er merkande, men vurderer nytten av eit attraktivt tomteområde for Feios som meir tungtvegande, samla sett.

I reguleringsplan kan det vurderast å leggja inn føresegn om stegvis utbygging slik at beitebruken på deler av området kan halda fram til tomtebehovet er til stades.

Nye tomter i B9 vil ikkje komma nærare våningshuset på bruket enn dei eksisterande frådelt tomtenes (60-65m).

### Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

Det skal i reguleringsplan for området vurderast føresegn om stegvis utbygging .

### 101 Ove Andersen, Vik. (OA) Eigar 39/12 Klokkargarden.

OA ber om at eigedomen vert vist i planen som byggeområde for bustader.

OA opplyser at han tidlegare har søkt om riving av våningshuset, og fått avslag.

OA peikar på at området har gode kvalitetar som bustadområde, og at sal av tomter vil gje økonomi til å setja i stand det verneverdige våningshuset.

*Vurdering/kommentar:*

Om lag 13,5 daa av Klokkargarden inngår i reguleringsplan for Hove – Moahaugane- Hopperstad av 2009, med reguleringsformål *bevaring av jordbrukslandskap*.

Områder er og klassifisert som kjerneområde landbruk.

Tunet med våningshus frå 1779 er regulert til *spesialområde, bevaring av tun*.

Alder og planstatus tilseier at huset er godt kvalifisert for tilskot frå ulike støtteordningar.

Planen opnar for bygging av nytt våningshus i tilknytning til det eksisterande tunet.

Evt. omdisponering til bustadformål krev konsekvensutgreiing(KU).

På grunnlag av ovanstående kan ikkje R tilrå omdisponering av Klokkargarden til bustadområde.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

**102 Eivind Lidal og Harald Liljedal, Vangsnes.** Eigarar av stølen Kongsli ved Kongsvatnet.

Dei viser til innspel til planprogrammet 2012, om eit mindre hyttefelt på/ved stølsområdet.

Innspelet vart ikkje teke til fylgje. (Kommunestyresak 10/12)

Dei ber i merknaden om at Vik Kommune vurderer saka på nytt, og peikar på at området ligg utanom Fjellheimen villreinområde, og at fleire hytter kan bidra mot attgroing av stølsområdet.

*Vurdering/kommentar:*

R kan ikkje sjå at det har komme til nye moment som talar for å imøtekoma merknaden.

Kongsli ligg i omsynssone H560-1 for området Kongshaug/Kongsvatnet m.m.

Vidare hyttebygging i området vil vera i strid med retningsliner for området.

Vedtak:

Merknaden vert ikkje teken til fylgje.

**103 Bjørn Moheim og Leidulf Finden, Vik. (MF)**

Merknaden gjeld vist løysing for ny FV121 Vange bru til RV13, med kryss sør for Vik Kyrkje.

MF meiner ei kryssløysing i dette området er ei miljømessig dårleg løysing, som vil påføra deler av Gildhusfeltet auka støyplager.

MF meiner at vegen bør knytast til RV13 sør for Gildhusfeltet.

*Vurdering/kommentar:*

Som næraste naboar til eit evt. kryss vil BM og LF verta påverka av krysset.

Det er grunn til å tru at krysset kan gje auka støyplage knytt til oppbremsing og aksellerasjon.

Dette kan langt på veg bøtast på med god støyskjerming.

R legg til grunn at støyskjerming av eks. eigedomar vert eit tema i reguleringsplan for vegen.

Dersom tilknytning til RV13 vert flytta sør for Gildhusfeltet, vil vegen tapa sin funksjon som sørleg tverrsamband for sentrumsområdet. Han vert og lenger og dyrare og gjev større ulemper for landbruksdrift.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra plankartet.

Støyskjerming av eks. busetnad nær krysset skal vurderast i samband med reguleringsplan for ny veg.

#### **104 Frode Otterskred. 5235 Rådal. ( FO) Eigar av 47/4 Røyrvik**

R går ut frå at FO med «reguleringsplanen» meiner arealdelen av kommuneplanen. Brevet er registrert inn som merknad til kommuneplanen sin arealdel.

FO viser til innspel til oppstart av planarbeidet i 2012, om løyve til å byggja hytte på frådelt eigedom 47/4 i strandsona ved Røyrvik.

Innspelet vart ved handsaming i kommunestyret sak 010/12 teke med for vidare utgreiing.

Utgreiing frå Rådmannen i samband med offentleg ettersyn av planforslag våren 2014 rår frå å ta innspelet til fylgje.

Brevet er ein klage på forslag til ny plan, og ei fornying av innspelet.

FO peikar på at ny plan viser byggeområde i strandsona fram til hans tomt.

#### *Vurdering/kommentar:*

Ny plan viser byggeområde for *naust* (ikkje fritidsbustader) mellom fylkesvegen og sjøen, og område for *småbåthavn* på tilstøytande sjøareal.

Ein del av 47/4 ligg i byggeområdet FN7 for naust. Det gjeld krav til reguleringsplan før utbygging.

Det er bratt fall mot sjøen, og plassering og utforming av naust, samt tilkomst og parkering bør avklarast i reguleringsplan for heile området FN7 før evt. utbygging.

Det er ikkje lagt fram nye moment som talar for *hyttebygging* på den aktuelle tomte.

R meiner at planen eit stykke på veg imøtekjem FO sitt ynskje ved at det er opna for bygging av naust på ein del av tomte.

#### *Vedtak:*

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

#### **105 Bebuarar i Flåten. Vik**

Sendarar er: Laila Fjærestad, Reidun Pettersen, Svein Roar Berdal

Merknaden gjeld austre del av vik sentrum, og har 4 punkt:

1 Ynskjer ingen endring på vegane i området Flåten -Tomtebu

2 Ynskjer at parkområde område G6 må vera dobbelt så stort.

3 Ynskjer ikkje stenging av Røysavegen ved Vik Fengsel, og stenging av skulevegen nord for kyrkja.

4 Ynskjer ikkje at Øyravegen vert stengt for gjennomkøyring nord for Vikørenbygget.

#### *Vurdering/kommentar:*

Kommuneplanen syner hovudtrekk i arealbruk og vegar. Ein del mindre vegar og samband er ikkje vist. Det er forutsett at *reguleringsplan* skal avklara detaljert arealbruk og vegføring.

Planen legg til rette for omfattande utbygging og arealbruksendringar i området aust for Røysavegen. Dette medfører og nye og endra vegføringar.

Planen legg opp til å unngå unødvendig gjennomkøyring i bustadområde.

Alle *eksisterande* vegsamband for gåande og syklande er forutsett vidareførte.

#### *Vedtak:*

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

### **107 Statkraft (S)**

S peikar på fare for ureining av Vikja frå planlagt masselager m.m. på Hesjaslette (M1).

S meiner at verdien av Vikja som nasjonalt laksevassdrag , og risikoen for ureining og flaum ikkje er tilstrekkeleg vektlagt i KU.

S meiner at reguleringsmagasin og tilhøyrande vasskraftanlegg bør synleggjerast i større grad i planen.

#### *Kommentar/vurdering:*

R ser at planlagt bruk av området Hesjaslette kan medføra risiko for ureining, og at dette truleg ikkje er tilstrekkeleg vektlagt i KU. Vik har eit stort behov for denne typen område, og R ser ingen aktuelle alternativ med dei same kvalitetane: sentrumsnært, relativt skjerma, god storleik.

R meiner at ein i *reguleringsplan* kan og skal leggja føringar for arealbruk, opparbeiding og drift som kan hindra avrenning og ureining .

Ein del viktige vasskraftanlegg er viste på planen, og omtalte i tekstdelen:

- Vassmagasin er markerte på kartet m. eigen blåfarge. Manglar omtale i tekstdelen
- Hove, Refsdal og Målset Kraftstasjonar er viste som byggeområde BA8,BA9,BA10.
- Alle høgspent kraftliner er markerte i kartet med eigen signatur.

R er samd i at også andre vasskraftinstallasjonar med fordel kan synleggjerast i planen, men meiner at dette bør gjerast i samband med neste planrevisjon.

#### *Vedtak:*

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra plankartet.

I arbeidet med reguleringsplan for området M1 skal flaumfare og risiko for ureining avklarast, og planen skal leggja føringar for arealbruk, opparbeiding og drift som kan hindra avrenning og ureining .

### **108 Vigdis Feidje, Åndalsnes. (VF) Eigar av fritidseigedom 159/42 Feios**

VF sin eigedom inngår i planlagt byggeområde for bustader B9 i Feios.

VF meiner at bruk 159/4 har avstått nok areal, og at bruk som ikkje er i drift bør brukast til tomter.

#### *Vedtak:*

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar i planen.

### **109 Johan Midlang. (JM) Eigar av 40/2**

JM er positiv til at planen syner byggeområde for fritidsbustader i området Svolsviki, men meiner at også området under vegen bør vera byggeområde.

Han peikar på at det er eksisterande bygningar i området, og at det er avsett eit større friområde i Svolsviki lenger nord.

#### *Vurdering/kommentar.*

Området JM viser til var vist som byggeområde for fritidsbygg i plan av 2005, og omfattar ein strekning på ca 200m strandsone med relativt bratt skråning mellom fylkesvegen og fjorden.

På området står eit eksisterande naust/fritidsbygg. Strekninga har avgrensa verdi som friluftsområde.

R ser at området kan ha stor verdi som område for naust/fellesfunksjonar for evt. hytter over vegen, og vil tilrå at området vert teke inn som byggeområde for naust , med krav til reguleringsplan.

Vedtak:

Strandsone vist som LNF område sør- vest for skulehuset i Svolsviki vert endra til byggeområde for naust, med krav til reguleringsplan.

**110 Sogn Bygg og Montasje AS. (SBM) v/ E. Midlang. Eigar av 41/94 Ara**

SBM ser positivt på at eigedomen på 3,5daa er vist som byggeområde for bustader.

SBM opplyser at dei vil ha et behov for tomt til eit nytt næringsbygg i Vik når/dersom 41/94 vert utbygd med bustader.

SBM ynskjer å ha opning for å nytta arealet som i dag, og utvikla det som næringsareal.

*Vurdering/kommentar.*

41/94 er vist som bustadareal i ny plan. Det inneber at noverande bruk kan halda fram, men stengjer for vidare utbygging for næringsformål.

Det er ynskjeleg med fleire småbustader/leiligheter i sentrumsområdet, og R har vurdert tomta som godt eigna.

Vedtak.

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra plankartet.

**111 Jens Christensen (JC) v/ AOV**

JC meiner tomta 41/57 aust for Vikørenbygget bør vera friområde.

JC tilbyr å kosta ein ballbinge på området, dersom det vert friområde.

*Vurdering/kommentar:*

41/57 er i kommunedelplan av 2005 for Vik sentrum vist som *byggeområde for kontor/forretning*.

I ny plan inngår området i samleformålet *sentrumsformål*, område S4.

Mindre grøntområde/parkområde kan inngå i sentrumsformål.

I *reguleringsplan* kan t.d. deler av S4 omregulerast til park/friområde utan å komma i strid med kommuneplanen sin arealdel.

R meiner likevel at behovet for større grøntareal/friområde er godt ivareteke med området G6 sør for Tomtebu, og at ein evt. ballbinge bør plasserast der.

Spørsmålet om omdisponering av areal under 41/57 til friområde bør vurderast i samband med revisjon av gjeldande reguleringsplan for området.

Vedtak.

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra plankartet.

**112 Vik Bondelag (VB) v/ Per Tistel**

VB ser med glede på at store område er tilbakeført til LNF-formål i ny plan, og ber om varsam bruk av dyrka jord til byggeformål.

VB går imot det viste bustadområdet B12 i Hovsåsen, og peikar på at området er lett dyrka og har intensiv landbruksdrift på alle kantar.

VB meiner at evt. tap av dyrka jord på området Hesjaslette så langt råd bør erstattast med nydyrking i området.

VB viser til tidlegare merknad om omdisponering av jord til Vik Fengsel.

*Vurdering/kommentar:*

Merknad frå VB er i tråd meir R sine vurderingar når det gjeld bustadfelt B12 i Hovsåsen, og meir generelt også når det gjeld hushald med dyrka jord.

Vedtak:

Byggeområde B12 vert teke ut av planen.

I reguleringsplan for området M1 Hesjaslette skal det leggjast vekt på å spare og/eller erstatta dyrka areal.

**113    Bebuarar i Flåten v/Grunde Engan.**

Underskrivarar: Arvid Engan, Terje Pettersen, Anita Røysum Engan, Liv Rege Engan, Siri Engan.

Kommentar:

-G6 bør vera større

-Flåtenvegen treng opprusting, og tilknytning til Tomtebuvegen bør rettast ut.

-Støttar ny vegtilkomst til barnehagen

-Ber om at Vetlevegen vert gjenoppretta frå Vange bru til Øyri.

-Røysavegen bør omleggjast , ikkje stengjast ved Vik Fengsel .

-Det bør vera ein plan for framtidig omkøyningstrase for riksvegtrafikken.

*Vurdering/kommentar:*

Kommuneplanen syner hovudtrekk i arealbruk og vegar. Ein del mindre vegar og samband er ikkje vist. Det er forutsett at *reguleringsplan* skal avklara detaljert arealbruk og vegføring.

Planen legg til rette for omfattande utbygging og arealbruksendingar i området aust for Røysavegen. Dette medfører og nye og endra vegføringar.

Planen legg opp til å unngå unødvendig gjennomkøyning i bustadområde.

Alle *eksisterande* vegsamband for gåande og syklande er forutsett vidareførte.

Flåtenvegen er vist knytt til ny tilkomstveg for barnehagen.

Vetlevegen er i planen vist som gangveg på strekninga Vik barnehage-Vange bru.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

**114    Camilla og Bjørn Magnar Røyrvik.**

Dei meiner eksisterande veg frå Meieriet bør vera tilkomstveg til Flåten og Tomtebu, og at Flåtenvegen må opprustast med større breidde.

Positivt med ny tilkomstveg til Vik Barnehage sør for Vikjatunet. Veggen treng ikkje knytast til Flåtenvegen. Positivt at gjennomkøyning til Industriområdet vert stengt.

Etterlyser buffersone mellom bustadområdet i Flåten, og industriområdet N2.

*Vurdering/kommentar:*

Kommuneplanen syner hovudtrekk i arealbruk og vegar. Ein del mindre vegar og samband er ikkje vist. Det er forutsett at *reguleringsplan* skal avklara detaljert arealbruk og vegføring.

Planen legg opp til å unngå unødvendig gjennomkøyning i bustadområde.

Alle *eksisterande* vegsamband for gåande og syklande er forutsett vidareførte.

I planføresegnene for næringsareal ( m a. N2) er det stilt krav om *bufferonar* (Tekstdokumentet, side 38) på næringsareal som grensar til m.a. bustadområde.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

Innspela vert tekne med i vidare planarbeid for området.

### **115 Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane. (FNF)**

På vegner av Vik Jakt- og fiskelag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane.

- FNF rår ifrå vidare fortetting av eksisterande hytteområde på Vikafjellet, av omsyn til villreinen.
- FNF ser det som positivt at store byggeområde er tilbakeført til LNF i ny plan, og peikar på at tunnel under Vikafjellet vil fjerna ein barriere for reinen.
- FNF ser det som positivt at planen legg opp til å skjerma verdifulle natur- og friluftsområde, og tilbakeføra strekningar i strandsona til LNF-formål.
- FNF gjev tilslutning til strategien om å leggja til rette for minst mogeleg transport ved å fortetta i/rundt eksisterande tettstader.

#### Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

### **116 AOV v/ Anders Vikøren(AV), Vik.**

#### A. Merknad frå A.K og B.T. Årevik ,og A. Vikøren.

- 1 Heile Sæbømarki aust for Vikjatunet (G6,B9 og nordleg del av B21) bør sjåast under eitt. Bør kunna byggjast ut utan reguleringsplan.
- 2 Parkering for barnehagen bør liggja i flaumsona, og vist parkering omdisponerst til bustader.

#### B. Merknad frå A. Vikøren

- 3 Forslag om byggeområde langs Røysavegen på deler av 1/6 og 2/7 i staden for på 1/15.
- 4 Forslag om nytt område for næring/industri på egedomen 2/7 mellom Vetlevegen og Vikja .
- 5 Planen bør ta høgde for evt. framtidig cruisekai, og ein «Sea-walk» knytt til kommunekaien.
- 6 Avsette område for *blåskjelanlegg* i plan av 2005 bør vera med i ny plan.
- 7 Planen bør visa område for uttak av verdifull stein til eksport.
- 8 Området ved talkmølla i Framfjorden bør nyttast til båthavn/turistføremål.
9. Føresegnene for stølsområde bør opna for større sel.
- 10 Planføresegnene må opna for bygging berre etter kommuneplanen.

#### Vurdering/kommentar.

#### **A**

- 1 R rår frå å ta innspelet til fylgje. R ser det som viktig å sikra eit større grøntområde og fellesareal sentralt i det austlege sentrumsområdet, og at «Flåtenvegen» vert ein rein bustadveg. R meiner at det her er særleg viktig å avklara detaljert arealbruk og vegføringar i *reguleringsplan*.
- 2 R meiner nytt p-område for barnehagen er rett plassert med tanke på effektiv trafikkavvikling.

#### **B**

- 3 og 4: R meiner at dei nye områda kan vurderast for omdisponering ved neste planrevisjon, og rår frå å ta innspelt til fylgje no. Alternativet vil krevja konsekvensutgreiing og ny utlegging.
- 5 og 6. R rår frå å ta innspelet til fylgje
- 7 R meiner det er behov for eit større utgreiingsarbeid før ein kan/bør peika ut areal til formålet. R ser det som aktuelt å gjera ved neste planrevisjon.

8 Tomta for talkmølla med tilstøytande areal er sett av til formål : *Bygningar og anlegg* i planen. Sjøarealet utanfor ser sett av til formål småbåthavn. Dette er i tråd med AV sitt forslag.

9 Planføresegnene (pkt.5.3) set ei øvre grense på 50m<sup>2</sup> for bygningar i stølsområde, med tanke på å ivareta stølspreget. R rår ifrå å heva grensa.

10 Planføresegnene opnar for at mindre tiltak som t.d. enkelthus /hytter kan byggjast utan reguleringsplan , på visse vilkår. ( Planføresegner , pkt. 2.1.1 og 2.1.2)  
Når arealbruk er avklara i kommuneplan, vil ein reguleringsplan normalt ta omlag 1 år.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

**117 Paul Mykkeltvedt (PM), Oslo. Eigar av fritidseigedom 37/12 Svolsviki.**

PM viser til at planen bandlegg strandsona under 37/12 mellom fylkesvegen og sjøen som friområde. PM ser det som urimeleg om planformålet hindrar han i å bruka sin rett til båtfeste/opptrekk på eigen grunn.

PM meiner denne retten bør kunna kombinerast med bruken av området som bade- og friområde. Han tilbyr å bidra til skjøtsel og opparbeiding av området.

Vurdering/kommentar:

I plan av 2005 ligg om lag 2/3 av strandsona under 37/12 som *friområde* i planen.

Området er ikkje regulert, og det eksisterer ingen avtale med eigar . Det er allemannsretten som gjev ålmenta tilgang til området.

I ny plan er friområdet forlenga nordover slik at det omfattar svaberga i nordre del av bukta.

Heile strandsona under 37/12 ligg i friområdet i ny plan.

R vil påpeika at sjøretten/rett til båtopptrekk på eigen grunn er uhindra av bandlegginga i kommuneplanen. Oppføring av naust og brygger vil vera i strid med arealformålet, og kan nektast av bygningsmyndigheitene.

R meiner at det utvida friområdet i Svolsvik vil ha svært stor verdi som fellesgode for noverande og framtidige fritidsbustader på strekninga Røyrvik-Svardal, i tillegg til verdien som utfartsområde for fastbuande.

R meiner at detaljert arealbruk for området bør avklarast i reguleringsplan..

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

**118 Helge Ivar og Lise Skjerven, Vik Eigar av 38/2**

Som grunneigarar og aktive brukarar av fjellstølen til husdyrdrift stiller dei seg negative til fortetting av eksisterande hytteområde Fosse-Hestavollen, på grunn av erfaringar med konflikt mellom beitedyr og hyttefolk.



*Vurdering/kommentar:*

Det er stilt krav om *reguleringsplan* før evt. vidare fortetting.

R legg til grunn at sameiget eller andre med eigarinteresser i området vil vera *tiltakshavar* for reguleringsplan. Eigarane av 38/2 vert partar plansaka. I regulerings-saka bør det vurderast om omsynet til landbruk og beiteinteresser tilseier redusert utbygging, og/eller særskilde tiltak for å ivareta desse interessene. R vil ikkje tilrå å endra arealdelen av kommuneplanen.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

**119 Odd Brimsø (OB), 5360 Kolltveit** Eigar av 5/17 Neipe

OB peikar på aktuelle tiltak for å redusera negative konsekvensar av masselager m.m. i området Hesjaslette, m.a. gode driftsplanar for aktivitetane.

Vedtak:

Innspelet vert teke med i vidare planarbeid for området.

**120 Turid Haga Vange (TV), Vik** Eigar av 2/1 og 2/12

TV meiner vist trase for ny FV121 gjev unødvendig store inngrep i høgverdig dyrka jord, og ei uheldig oppsplitting av landbruksareal.

TV meiner landbruksarealet på nordsida av ny veg får redusert verdi, og kan lettare verta nedbygd.

TV peikar på at bruket ikkje kan nytta areal på nordsida av vegen til beite.

TV ber om at ein vurderer ei justert utgåve av vist trase i plan frå 2005.

TV meiner gangveg langs FV121 frå Vange bru mot skulen bør liggja på nordsida av køyrevegen.

TV stiller seg kritisk til stenging av Røysavegen.

*Vurdering/kommentar:*

Veg V3 på planen vil kryssa TV sin teig i i ein lengde på ca 70m veg, slik at om lag 3daa av dyrka marka vert liggjande på nordsida.

Med makebyte /jordskifte med nabobruket 2/13 vil TV få all si jord samla på sørsida av vegen, og med betre arrondering enn i dag.

I konsekvensutgreiing (A3) er tap av dyrka jord og oppdeling av landbrukseigedom påpeika og omtalt.

R er samd i at gangveg V5 frå Vange bru mot skulen med fordel kan leggjast på nordsida av køyrevegen.

R er og samd i at stenging av Røysavegen gjev store utfordringar .

Kommuneplanen syner hovudtrekk i arealbruk og vegar: Planføresegner pkt.3.1: « Viste trasear er rettleiande. Endeleg trase skal avklarast i reguleringsplan.»

Vedtak:

Gangveg V5 vert flytta til nordsida av FV121 på strekninga Vange bru-Vik Fengsel.

I vidare planarbeid med veg V3 skal det i tillegg til vist trase vurderast ein alternativ trase nord for 2/15, med tanke på å redusera inngrep i landbruksareal, og ulemper for eigarar som vert råka.

Alternativ trase vert vist på plankartet som V3B

**121 Odd Brimsø (OB), 5360 Kolltveit** Eigar av 5/17 Neipe

OB etterlyser informasjon om sprengstofflager i Stadheimslia, vist som omsynssone H350-1. Han meiner arealplanen ikkje er tilstrekkeleg som informasjon til grunneigar.

*Vurdering/kommentar:*

Omsynssone H350-1 viser eit etablert sprengstofflager med sikringsone.

Lageret er etablert med løyve frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), men utan løyve etter Plan- og bygningslova.

Planforslaget legg til rette for å lovleggjera lageret etter Plan og bygningslova.

Tiltakshavar må senda søknad til Vik Kommune og dokumentera varsling av naboar før løyve kan gjevast etter Plan- og bygningslova.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar i planen.

**122 Ann Iren Borlaug (AIB).** Eigar av 156/2 Feios

AIB klagar på KS sitt vedtak i sak 019/12, og ber om avklaring på korleis ho/dei skal fremja sin søknad om ei hytte på nytt.

*Vurdering:* R viser til saksutgreiing til FS før utlegging til offentleg ettersyn, pkt.6.1

Vedtak: Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar i planen.

**123 Jo Risløv(JR)** Eigar 4/4 og 4/48 Tenold

JR meiner plankartet ikkje gjer greie for vegutløysing for område B2 på nordsida av Steimselvi.

JR meiner ein må ta små og inneklemda teigar til byggeområde framfor lett drivne teigar.

JR meiner at evt. ny veg frå FV121 til Tenoldtunet må vera utan fartshumpar

JR meiner at tilrettelegging for hyttebygging på Skorge må avklarast med veglaget for den private vegen til Varpet og Skorge, og med grunneigarlaget

*Vurdering/kommentar:*

Kommuneplanen syner hovudtrekk i arealbruk og vegar. Endeleg vegløyving for B2 skal avklarast i reguleringsplan. R legg til grunn at vegen forbi gartneriet ikkje vert hovudtilkomst til området B2 nord for elva. R meiner øvrige innspel bør takast med i det vidare planarbeidet

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar i planen.

**125 Bjørgvin bispedømeråd. (BB)**

BB sluttar seg til merknad frå Vik kyrkjelege fellesråd om ny veg sør for kyrkja.

*Vurdering:*

R er samd i at vegen ikkje må stengja for naudsynt utviding av bygningar og anlegg knytt til kyrkja.

Reelle behov bør utgreiast og avklarast i samband med reguleringsplan, og leggjast til grunn ved endeleg fastlegging av vegtrase V3.

Vedtak:

Endeleg trase for V3 skal fastleggjast i reguleringsplan, og skal ta omsyn til behovet for utviding av bygningar og anlegg knytt til kyrkja.

Vedtak: Innspelet gjev ikkje grunnlag for endring av planen.

**126 Norvald Fosse(NF)Vik Eigar 47/2,3**

NF meiner at område VA4 ved den gamle boslassen er lite eigna som småbåthavn på grunn av straumforhold og djupne. Han meiner fleire mindre anlegg fordelt langs strandsona er ei betre løysing.

NF meiner at område FN7 (byggeområde naust) bør opnast for 3-4 hytter, og ber om at planen vert endra på dette punktet.

*Vurdering/kommentar:*

R ser fleire ting som talar for ei småbåthavn i området ved gamle boslassen:

- Området har romsleg landareal for parkering og andre fellesanlegg .
- Omfattande hyttebygging over vegen forutset eit havneanlegg av noko storleik.
- Deler av sjøarealet i VA4 er regulert til småbåthavn i reguleringsplan av 2008 for Røyrvik hytteområde.

R er kjent med utfordringane i området, men meiner at det trengst ei grundig vurdering av fagfolk før ein kan avskriva området som ueigna.

R vil rå ifrå å opna for hytter i naustområdet FN7. Det er avsett store og velegna areal for hytter på oppsida av vegen på eigedomen 47/2

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar i planen.

**127 Arnfinn Instebø (AI) 5174 Mathopen Eigar av 100/2 Hovland**

AI viser til innspel til planprogrammet frå Knut Hovland, og ber om at eit areal nedom «Storesvingen» vert lagt inn i planen som byggeområde for ei hytte.

*Vurdering/kommentar:*

Innspelet vart handsama i KS sak 10/12, og teke til fylgje med unntak av eit areal nedom tunet på 100/2. AI ynskjer at ein del av dette arealet vert teke inn att som byggeområde.

R kan ikkje sjå at det har komme inn nye moment som gjev grunn til å omgjera vedtaket i sak 10/12 om planprogram for planrevisjonen.

Planen viser ca 30 daa av 100/2 avsett til hyttebygging , som del av F4 på plankartet.

R meiner at hyttebygging på Hovland bør skje innafor det avsette området, og rår frå å ta innspelet til fylgje.

Vedtak:

Merknaden vert ikkje teken til fylgje.

**131 Ola Engum(OE) , Arnafjorden**

OE meiner at planen bør visa 300m skytebane på Tenne, i tillegg til 100m-bana som er vist på planen som I 3.

*Vurdering/kommentar:*

R rår til at 300m bana vert vurdert lagt inn i planen ved neste planrevisjon, og at ein i mellomtida får gjort ei nærare vurdering og utgreing om naudsynte sikkerheitssonar .

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunn lag for å endra planen.

### **132 Ola Engum(OE) , Arnafjorden**

OE kjem med framlegg om at deler av strandsona under 64/6 i Morki vert sett av til rasteplass med utsikt til fossane.

*Vurdering/kommentar:*

Området har liten landbruksverdi og ligg sørvendt . Noko skogrydding vil gje godt utsyn. Forslaget inneber at ein del av strandsona vert omdisponert frå LNF til friområde eller trafikkformål (rasteplass). Sektorstyresmaktene for veg, landbruk og miljø har ikkje hatt høve til å vurdera forslaget. R meiner at det er behov for ei nærare utgreiing av plassering og avgrensing før eit område vert lagt inn i kommuneplanen. Dette bør gjerast i samband med neste planrevisjon.

*Vedtak:*

Merknaden gjev ikkje grunn lag for å endra planen no. Rasteplassen bør vurderast i samband med neste planrevisjon.

### **133 Jon Harald Tenold (JHT), Vik Eigar 4/2,3,10**

JHT protester mot at ny veg frå FV121 til Tenoldtunet (V4) delvis er vist på hans dyrka mark. Han meiner dagens veg er tilfredsstillande med utviding, og viser til at kompostanlegget i Badnadalen er planlagt avvikla.

Han meiner Veg 4 er lite eigna til å løysa tilkomst til bustadområde B2 nord for elva, og på Følid, og at vegen reelt er ein forbetra vegtilkomst til Stadheim.

*Vurdering/kommentar:*

Om lag 145m av ny veg V4 er vist langs/i tomtegrensa mellom JHT og naboeigedom 4/43 Planføresegnene kap 5.3.1 seier at vist trase for V4 er *retteiande*, og at endeleg trase skal avklarast i reguleringsplan. Det kan difor ikkje seiast noko sikkert no om, eller i kva grad vegen vil gjera inngrep i eigedommen til JHT

R vurderer V4 som eigna og aktuell trase både for å løysa tilkomst til avsette byggeområde i denne planperioden, og med tanke på framtidig utbygging sørover mot Følid.

R meiner likevel at ein i reguleringsplan for området kan vurdera alternative vegløyningar

*Vedtak:*

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endring i planen.

I samband med reguleringsplan for området skal det vurderast og utgreiast alternative vegløyningar til V4.

### **135 Direktoratet for mineralforvaltning (DM)**

DM ber at det vert gjort ei mindre endring i planføresegnene, punkt 2.7 *Råstoffutvinning*.

*Vurdering:* R rår til å ta innspelet til fylgje.

*Vedtak:*

Planføresegnene pkt.2.7 vert endra i samsvar med merknad frå DM.

### **137 Fiskeridirektoratet (FD)**

FD meiner at fiskeri og akvakulturinteressene i kommunen er ivaretekne i planen.

*Vedtak:* Merknaden gjev ikkje grunnlag for endring i planen.

### **138 Oddvar og Gunnlaug Rinde, Feios. Eigar av 160/7,16 i Feios.**

Dei meiner idrettsbana i Brennehagen bør haldast ved like.

Ut over dette gjeld merknaden saker som i liten grad er aktuelle i kommuneplanssamanheng.

Vedtak: Merknaden gjev ikkje grunnlag for endring i planen.

### **139 Nordfjella og Fjellheimen villreinområde (NFV)**

På bakgrunn av ei god og grundig utgreiing om status og utfordringar for villreinstamma i høve til ny kommuneplan tilrår NFV fylgjande endringar i planen:

- 1 Inkludera alt areal over kote 700 i omsynssone H520
- 2 Legge inn mål om ein sti- og løypeplan i føresegnene til omsynssone H520
- 3 Stoppa utbygging på attverande ikkje bebygde tomter i hytteområde Skjelingen sør.
- 4 Samarbeida med Voss kommune om å styra parkering bort frå trekksona ved fylkesgrensa.
- 5 Fjellstove bør avgrensast til varmastove/skihytte for sommarskiaktivitetar.
- 6 Parkeringsforbod langs dei viktigaste trekk/kryssingssonene.
- 7 Informasjonstavler om villrein ved knutepunkt for utfart/parkering.
- 8 Føringar for rekkefylgjekrav i nye reguleringsplanar for tiltak som styrer ferdsla ut frå området.
- 9 Område I5 i Nyastøllia bør ut av planen
- 10 Øvre grense for omsynssone H530-1 bør vera kote 700.

*Vurdering/kommentar:*

R tilrår å ta innspel under pkt. 2, 4, 6, 7 til fylgje, og at innspela vert redigerte inn i planen så langt det let seg gjera.

Alle 31 tomter i det regulerte området Skjelingen sør er frådelte. 29 er selde eller festa bort. Vidare utbygging på attverande ikkje bebygde tomter kan stoggast ved at Vik Kommune legg ned bygge- og deleforbod etter Pbl § 13. Det må påreknast erstatningskrav.

R rår frå å ta innspelet under pkt. 3 til fylgje.

R meiner at innspel 1, 3, 5, 8, 9 og 10 legg urimelege begrensingar på friluftsliv og bygdeutvikling i Vik kommune, og rår ifrå å ta dei til fylgje .

Rammer for tiltak i område LNF-H5 *Skjelingen nord* bør avklarast i reguleringsplan. Det gjeld m.a ei evt. fjellstove/skihytte.

Vedtak:

På bakgrunn av merknader frå NFV vert det gjort endringar i planen i samsvar med tilråding frå Rådmannen.

### **140 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FM)**

På bakgrunn av ein grundig gjennomgang av viktige tema i planen tilrår FM fylgjande endringar :

- 1 Vidare hyttebygging i Skjelingen sør ( LNF-H6) bør avgrensast til dei tomtene som er selde.
- 2 Toppunkt for skiheis ved Liasete bør trekkest ned under kote 900.
- 3 Legge inn mål om ein sti- og løypeplan, samt informasjonstavler om villreinen i føresegnene til omsynssone H520
- 4 Retningsliner for omsynssone H530 må endrast
- 5 Det bør vera krav om reguleringsplan for hytteområde LNF-H1 i Bjørkeviki.

- 6 Det bør setjast av eit grøntbelte langs elva i området M1, Hesjaslette
- 7 Byggeområde B2 Tenold og B21 Sæbø bør ha høgare arealutnytting enn det som er sett opp: min. 1,5 bustader/da for B2 og 3,0 bustader /daa for B21.
- 8 Ny veg V3 bør gå meir i utkanten av landbruksarealet.
- 9 Føresegn 2.3.5 for naust bør supplerast med tanke på å unngå uheldige terrenginngrep.
- 10 Austgrense for VA8 Osen i Feios bør flyttast mot vest.
- 11 Plankart og teiknforklaring bør visa klarare kva sjøareala er sett av til.
- 12 Verdifull dyrka jord bør skjermast ved å stilla krav til utbyggingsrekkefylgje , justera grenser for nye byggeområde m.m.
- 13 Bustadfelt B12 i Hovsåsen bør takast ut av planen.

*Vurdering/kommentar:*

R tilrår å ta innspel under pkt. 3, 4, 5,6, 9, og 11 til fylgje, og at innspela vert redigerte inn i planen så langt det let seg gjera.

Til 1:

29 av totalt 31 tomter i *Skjelingen sør* er selde eller festa bort. Vidare utbygging på attverande, ikkje bebygde tomter kan stoggast ved at Vik Kommune legg ned bygge- og deleforbod etter Pbl § 13. Det må påreknast erstatningskrav. R rår frå å ta innspelet under pkt. 1 til fylgje.

Til 2:

R rår frå å ta innspelet til fylgje.

Til 7:

R er samd i at høgare utnyttingsgrad er ynskjeleg, men er redd det kan leggja føringar som vert krevande å fylgja opp i praksis.

R rår frå å endra planen, men meiner innspelet bør takast med i det vidare arbeidet med reguleringsplanar for aktuelle område.

Til 8:

Trase for ny FV121. Veg V3

FM si tilråding er gjort ut frå pårekna ulemper for landbruket. Omsyn til vegen sin funksjon som *tverrsamband* i sentrumsområdet, og *alternativ rute for gjennomgangstrafikk* er ikkje vurdert av FM. R rår til å visa ein alternativ trase for V3 i tråd med FM sitt innspel, og setja krav om utgreiing av begge alternativ i oppfylgjande reguleringsplan.

Til 10:

FM peikar på fleire ting som talar for å justera formålsgrensa for småbåthavna i VA8.

R meiner ei slik justering bør gjerast i samband med *reguleringsplan* for området, på grunnlag av nærare utgreiing av forholda som vert omtalte. R rår frå å endra plangrensa no.

Til 12:

R rår til å ta innspelet til fylgje ,som føringar for oppfylgjande regulering, men utan endringar i planen.

Til 13:

Tilråding frå FM om å ta ut av planen bustadfelt B12 i Hovsåsen er i tråd med R si innstilling.

Vedtak: På bakgrunn av merknader frå Fylkesmannen vert det gjort endringar i planen i samsvar med tilråding frå Rådmannen.

### **141 Sogn og Fjordane Fylkeskommune( SFF)**

Merknad frå SFF er ein gjennomgang og vurdering av planen, med påpeiking av enkelte manglar og råd om endring/supplering. Viktige punkt:

- 1 SFF saknar vurdering og utdjuping av «mjuke verdiar»
- 2 SFF saknar meir detaljerte føringar for utvikling av sentrumsområdet/område vist som sentrumsformål. FM rår til at planen som eit minimum seier noko om mål for sentrumsutvikling, og tiltak vidare.
- 3 SFF rår til å vurdere konsekvensane av Vikafjellstunnelen for framtidig arealbruk mellom Vik sentrum og tunnelinnslaget.

*Vurdering/kommentar:*

*Til1:*

R vil påpeika at mjuke verdiar er omtala og synleggjorte både i planprogrammet og i samfunnsdelen av kommuneplanen. R meiner planforslaget i stor grad fylgjer opp føringane som er lagt i desse dokumenta.

*Til 2:*

R er samd i at mål og retningsliner for utvikling av sentrumsområdet i liten grad er synleggjort og omtala i plandokumentet, ut over målet om fortetting og god arealutnytting.

Dei fleste eksisterande reguleringsplanar for området er gamle og lite eigna til å styra arealbruken.

R ser eit klart behov for ein eigen *kommunedelplan for sentrumsområdet*, og meiner at ein slik plan bør utarbeidast ved første planrevisjon.

R meiner at det akutte behovet for avklaring knyter seg til søraustre delen av sentrumsområdet, og bør løysast med *områdereguleringsplan* i regi av Vik Kommune.

*Til 3:*

Venta konsekvensar av Vikafjellstunnelen er i nokon grad omtala og medrekna i planen.

R meiner at meir inngåande vurderingar bør gjerast i samband med neste planrevisjon om 3-4 år.

*Vedtak:*

Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar i planen.

**Nokre merknader er innkomne etter fristen, utan avtale om utsetting.**

**Desse er omtalte under, på linje med øvrige merknader.**

### **142 Nils Kåre Fjærestad, Vik (NKF) Eigar 37/10**

NKF ber om at det vert sett av eit område for steinbrot/massetak på 37/10 ved RV13 i lia opp mot Vikafjellet .

*Vurdering/kommentar:*

Innspelet vil krevja KU og ny utlegging av planen. Tiltaket bør vurderast ved neste planrevisjon. Det bør då liggja føre nærare utgreiing og dokumentasjon.

R rår frå å ta innspelet til fylgje.

*Vedtak:* Innspelet gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

**143 Beredskapseininga hjå Fylkesmannen (BFM) v/ E. Orheim.**

BFM har kritiske merknader til ROS-analysen , og tilrår at ein i seinare arbeid i større grad synleggjer vurderingane.

BMF stiller spørsmålsteikn ved deler av ROS-analysen for Bjørkeviki

BMF tilrår krav om reguleringsplan for hyttebygging i Bjørkeviki.

Vurdering/kommentar:

R ser at nokre boksar i ROS skjema for Bjørkeviki er feil utfylte. Dambrot og transport av farleg gods er ikkje relevant for området. Det vil bli retta opp.

R ser at det er gode grunnar for å krevja reguleringsplan for område LNF-H1 Bjørkeviki, og rr til å ta innspelet til fylgje.

Vedtak:

Merknaden vert teken til fylgje .

**144 Vik Idrettslag (VI) . v/ A.J. Fjærestad**

VI ynskjer at det skal vera opning for gjennomkøyring i Vik aktivitetspark frå sør til nord.

Vurdering/kommentar:

Kommuneplanen syner hovudtrekk i arealbruk og vegar. Ein del mindre vegar og samband er ikkje vist. Det gjeld og eks. veg gjennom aktivitetsparken. Intensjonen i planen er at det ikkje skal vera ordinær gjennomkøyingsveg i aktivitetsparken. Det hindrar ikkje at vegen kan opnast for gjennomkøyning/tilkomst ved behov.

Det er Formannskapet som vegstyresmakt som avgjer om vegar skal opnast/stengjast for trafikk, når det ikkje er eintydig fastlagt i reguleringsplan.

R rår frå å gjera endringar i planen.

Vedtak:

Merknaden gjev ikkje grunnlag for å endra planen.

**145 Firda Settefisk Arnafjord (FSA) v/ G. Stavøstrand.**

FSA ynskjer ei mindre justering av nordgrensa for område N1 på Tenne, og varslar behov for å gå inn på byggeområde vist som H1 (hamn) med deler av sitt planlagde anlegg.

Vurdering/kommentar:

R rår til å ta innspelet til fylgje. Endringane er små og utløyser ikkje krav om ny utlegging, etter R si vurdering.

Vedtak:

Merknaden vert teken til fylgje. Planen for området Tenne vert endra i samsvar med Rådmannen si tilråding.